



Innkalling av Valstyret

Møtedato: 28.04.2015
Møtestad: Formannsskapsrommet
Møtetid: 11:00 - 12:00

Møte vert halde etter formannsskapsmøte.

Eventuelle forfall må meldast til Kundetorget på tlf 56 59 90 00 eller e-post:
postmottak@modalen.kommune.no

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2015	Orienteringssaker
003/2015	Godkjenning av listeframlegg
004/2015	Utlegging av manntal til offentleg ettersyn
005/2015	Delegering av mynde frå Valstyret
006/2015	Førehandsrøysting
007/2015	Tid og stad for røysting på Valtinget

21. april 2015

Knut Moe
møteleiar

Øivind Olsnes
sekretær

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/88

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/2015	Valstyret	PS	28.04.2015

Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/88

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/2015	Valstyret	PS	28.04.2015

Orienteringssaker

Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

Saksopplysningar:

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 014	15/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/2015	Valstyret	PS	28.04.2015

Godkjenning av listeframlegg

Forslag til vedtak:

Listeframlegga frå Solrenningslista og Samlingslista vert godkjende

Saksopplysningar:

Innan fristen er desse listene innlevert:

Listeframlegg frå Solrenningslista

Listeframlegg frå Samlingslista

Begge listene er underteikning av 13 personar som er busett i kommunen, vallova § 6-3 (2).

Innlevert listeframlegg inneheld eit namn som er oppført på begge listene. Tillitsvalde for begge listene er orientert om dette og mogleg endring. Kandidaten har opplyst at tilbakemelding til valstyret vil verte sendt.

Vurdering

I samsvar med vallova § 6-6 (4) har alle kandidatane på vallistene fått melding om at dei er sette opp på eit listeframlegg, og har fått opplysning om adgangen til å søkje om fritak. Frist for tilbakemelding er sett til 17. april.

Innlevert listeforslag kan kallast tilbake av tillitsutvalet, jfr vl § 6-5. Erklæring om tilbakekalling må være innlevert seinast kl. 12 den 20. april.

Dersom valstyret innan fristen ikkje mottek andre søknader om fritak og det førligg avklaring i høve den som er ført opp på begge listene, så kan listene godkjennast i møte.

32T

Valliste for Solrenningslista

Valliste for Samlingslista 2015

Fritak frå val til kommunestyre 2015

Namn på parti/gruppe:

Solrenningslista

Namn på kommune:

Modalen

ved kommunestyrevalet (13. og 14. september 2015 i

Nr	Namn (Fornamn, Etternamn) ¹	F.år	Stilling/ bustad ²
1	Tom Kristian Thorsen	1977	
2	Linda Neset	1973	
3	Frank Stian Steinsland	1973	
4	Ann-Jorunn Farestveit	1986	
5	Håvard Engeseth	1983	
6	Simiona Lukaseviciute-Arnesen	1983	
7	Robert Helland	1986	
8	Sigmund Ingvald Vikane	1948	
9	Ole Kristian Øvre Helland	1988	
10	Odd Inge Brønstad	1983	
11	Tom Kristian Imsland	1964	
12	Karianne Neset Nygard	1973	
13	Marianne Tepstad	1971	
14	Knut Farestveit	1967	
15	Ole Jakob Nese	1979	
16			
17			
18			
19			
20			
21			
22			
23			
24			
25			
26			
27			
28			
29			
30			
31			
32			
33			
34			
35			
36			
37			

Nr	Namn (Fornamn, Etternamn) ¹	F.år	Stilling/ bustad ²
38			
39			
40			
41			
42			
43			
44			
45			
46			
47			
48			
49			
50			
51			
52			
53			
54			
55			
56			
57			
58			
59			
60			
61			
62			
63			
64			
65			
66			
67			
68			
69			
70			
71			
72			
73			


¹ Namn (fornamn, etternamn) på kandidatar som skal ha stemmetillegg skal uthevast ved å bruke store bokstavar. Namn på andre kandidatar skal skrivast på vanleg måte. På stemmesetlane er namn avgrensa til maksimalt 35 teikn (inkludert mellomrom). Det vil derfor vere ein fordel å oppgje korleis namn som er lengre enn 35 teikn skal framstå på stemmesetelen.

² Stilling eller bustad er berre naudsynt å fylla ut dersom det er fare for forveksling av kandidatar. På stemmesetlane er stilling eller bustad avgrensa til maksimalt 20 teikn (inkludert mellomrom).


 MOTTEKE 30. mars 2015 kl. 09:45
 O. Neset

Parti/gruppe	Solrenningslista	Dato	27.03.2015	Ark nr / av	1 / 1
Val	2015	Kommune	Modalen	Minimumstal for underskrifter:	13

Nr	Fornamn (eks. OLA)	Etternamn (eks. NORDMANN)	Fødselsdato (eks. 15 01 1960)	Gateadresse (eks. STORGATEN 1A)	Postnr	Signatur
1	TOM	KRISTIAN THORSEN	02081977	BALANE 26	5729	Tom Thorsen
2	BRITT	FARESTVEIT	20101967	SKJERJAVEGEN 60	5729	Britt Farestveit
3	HÅVARD	ENGESETH	02071983	MO 35B	5729	Harvard Engeseth
4	TROND	HELLAND	15071980	NEDRE HELLAND 100	5729	Trond Helland
5	TRYGVE	MJELDE	03117977	SKJERJAVEGEN 60	5729	Trygve Mjeld
6	TONE	LIEN	25041972	NEDRE HELLAND 80	5729	Tonedien
7	LINDA	TOLLRESEN	11041958	BALANE 38	5729	Linda Tollresen
8	OLAUG	STEINVEISTAD	20071959	Modalen 1559	5729	Olaug Steinvestad
9	ANNE MARIE	MOSTER	31071963	Balane 16	5729	Anne-Mari Moster
10	AUD	ALMENNINGEN	08120965	Skjerjavegen 21	5729	Aud Almenning
11	RUNE	FARESTVEIT	13111965	Balane 31	5729	Rune Farestveit
12	ODD INGE	BRØNSTAD	03081983	KLEIVANE 16	5729	Odd Inge Brønstad
13	DORIS	HANNE HELLAND	22111964	KLEIVANE 20	5729	Doris Haland
14						



MOTTEKE 30. mars 2015

kl. 10, 30-March-2015

O. Aasen

Kommunevalet 2015

Samlingslista

Knut Moe	22.08.60	Ordfører
Kristin Nåmdal	17.09.67	Samfunnsplanleggjar
Kjetil Eikefet	09.08.71	Fagleiar
Liv Anne Aanesen	15.09.72	Dagleg leiar
Marit Kristin Nygard Nese	05.12.79	Adjunkt
Nina Bolstad Eidsnes	02.04.61	Sjukepleiar
Trude Langedal	13.12.66	Arkitekt
Jannike Surland Våge	21.06.78	Kokk
Mario Brekkhus	20.03.86	Tømrar
Anne Hilde Skadal	26.11.81	Avdelingssjukepleiar
Christina Brekkhus	16.10.81	Konsulent
Anne Britt Almelid	06.02.50	Barne og ungdomsarbeidar
Roger Fure	31.10.72	Dagleg leiar
Svanhild Nordaas	09.09.54	Butikkmedarbeidar
Anneli Farestveit	18.10.96	Student
Mike Rakewitz	16.09.62	Handtverkar
Ole Jakob Nese	24.01.79	Vernepleiar

Tillitsvalgt: Kjetil Eikefet

Vara: Liv Anne Aanesen

Tillitsutval: Kjetil Eikefet, Liv Anne Aanesen, Marit Kristin Nygard Nese

13 underskrifter:

Ole Jakob Nese

Nina B. Eidsnes 280860

Kjetil Eikefet

Liv Anne Aanesen

Marit Kristin Nygard Nese

Christina Brekkhus 090966

Jannike Surland Våge 21.06.78

Mario Brekkhus

Anne Britt Almelid

Roger Fure 31.10.72

Svanhild Nordaas

Anne Hilde Skadal

Fra: ole jakob nese <vembi@hotmail.com>
Sendt: 20. april 2015 15:20
Til: Postmottak Modalen
Kopi: Ole Jakob Nese
Emne: Fritak frå val til kommunestyre 2015

Då eg kjem til å flytte frå kommunen i næraste framtid, krev eg med dette, og med stor sorg fritak frå begge listene eg står oppført på til kommunestyrevalet hausten 2015.

Vyrdsamt,

Ole Jakob Nese.

Sendt fra min iPad

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 014	15/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/2015	Valstyret	PS	28.04.2015

Utlegging av manntal til offentlig ettersyn

Forslag til vedtak:

Manntalet skal leggjast ut til offentlig ettersyn på følgjande stader:

Kundetorget i kommunehuset

Coop Mo

Coop Øvre Helland

Biblioteket

Modalstunet

Saksopplysningar:

Etter vallova § 2-6 (1) skal valstyret leggja manntalet ut til offentlig ettersyn så snart det let seg gjera. Manntalet vert oppretta den 30.06., og vert lagt ut så snart som mogeleg etter denne datoen.

Manntalet skal liggja ute til og med valdagen.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 014	15/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/2015	Valstyret	PS	28.04.2015

Delegering av mynde frå Valstyret

Forslag til vedtak:

Valstyret gjev leiar og sekretær fullmakt til å handle på vegne av valstyret i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 3 medlemmer som kan ta avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Medlemmer i arbeidsutvalet:

Leiar i valstyret

2 medlemmer som valstyret peiker ut

Saksopplysningar:

Etter kommunelova § 10 nr. 4 og § 23 nr.4 har valstyret høve til å deleger avgjerdsmyndighet i enkeltsaker til leiaren for valstyret, eit arbeidsutval eller administrasjonssjefen (rådmannen). Høvet til å delegere omfattar enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell karakter.

I Modalen kommune er valstyret personidentisk med formannskapet, og møta i valstyret vert som regel halde same dag som møta i formannskapet. Det kan likevel oppstå saker som krev rask handsaming. For å sleppe å kalle inn heile valstyret på kort varsel, kan det vere formålstenleg å oppnemne eit fast arbeidsutval.

Konkrete enkeltsaker kan delegerast. I tillegg er det gjeve høve til delegering i «type av saker som ikkje er av prinsipiell betydning». Det er ikkje høve til å delegere generell avgjerdsmyndighet i saker som må reknast for å vere av prinsipiell karakter. Kva som er prinsipiell karakter, må fastsetjast ut frå karakteren ved vedtaket og konsekvensane av det. Regelen gjev dermed valstyret eit vidt rom for å vurdere kva som i det enkelte tilfelle er forsvarleg og formålstenleg.

Saker som er av reint praktisk art, vil sjeldan ha prinsipiell karakter. Dette vil typisk vere gjeremål som

å setje opp manntal, leggje ut til allment ettersyn, kunngjeringar, lage lister over klager, gje meldingar til veljarar og kandidatar, trykking av røystesetlar og liknande.

Prøving og godkjenning av kurante førehandsrøyster er ikkje av prinsipiell karakter og kan såleis delegerast. Men leiaren kan ikkje utføre denne oppgåva aleine, jfr. § 35 i valforskrifta som seier at det må vere minst 2 personar ved opning av røystegjevingar.

Styringsmakt som typisk vil vere av prinsipiell karakter, og som dermed ikkje kan delegerast, er til dømes å ta avgjerder om listeframlegg, om tilbakekalling av listeframlegg skal godkjennast og forkasting av røyster.

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 014	15/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/2015	Valstyret	PS	28.04.2015

Førehandsrøysting

Forslag til vedtak:

I Modalen kommune skal førehandsrøystinga føregå på Kommunehuset (formannskapsrommet) frå kl. 10.00 – 14.00 på arbeidsdagar.

Det vert halde ope den siste laurdagen før valet (5. september) frå kl 11.00 – kl 14.00.

Som røystemottakarar ved førehandsrøysting, ambulerande røysting og røysting på sjukeheimen vert oppnemnd tilsette i administrasjonen .

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar.

Førehandsrøysting på Modalstunet og ambulerande røysting vert organisert og kunngjort av sekretæren for valstyret.

Saksopplysningar:

Den ordinære førehandsrøystinga startar 10. august. I tillegg kan veljarar som ikkje kan røysta i perioden for førehandsrøysting eller på valdagen, venda seg til kommunen og få avgje røyst frå 1. juli og fram til førehandsrøystinga startar 10. august.

Det er valstyret som fastset kor det skal vere mottak av førehandsrøyster, men det er eit lovfesta krav at det skal haldast førehandsrøysting på helse- og sosialinstitusjonar. Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehansrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei held til (ambulerande røysting).

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar. Likeeins må tidspunktet for ambulerande røysting tilpassast når ein har oversikt over

søknadane.

Røystemottakar

Det følgjer av vallova § 8-2 (1) bokstav a, at det er valstyret som oppnemner røystemottakarane innanriks. Valstyret må nemne opp så mange røystemottakarar som er naudsynt for å gjennomføre førehandsrøystinga på ein tilfredstillande måte. Ved all førehandsrøysting skal det vere minst to røystemottakarar til stades jfr. vallova § 8-1 (5).

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Øivind Olsnes	FE - 014	15/77

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/2015	Valstyret	PS	28.04.2015

Tid og stad for røysting på Valtinget

Forslag til vedtak:

Røystinga vert gjennomført slik:

Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
Mo	Samfunnssalen på Mo	12.00 - 18.00
Øvre Helland	Samfunnshuset	12.00 - 18.00

Saksopplysningar:

Føresegner om opningstida/røystetida står i vallova § 9-3 (2). Valstyret fastset opningstidene. Vallova inneheld ikkje reglar som regulerer røystetida, men røystegjevinga mandag må ikkje føregå seinare enn kl. 21.00.

Når valstyret skal fastsetja tid for røystinga, skal det leggjast vekt på omsynet til veljarane, at dei får rimeleg tid til å røyste.

Det er ikkje føreslått endringar i opningstidene i høve til siste val. Lokale tilhøve tilseier at det ikkje har vore naudsynt at krinsar er opne etter kl 18.00.

Valstyret må ta omsyn til mellom anna rørslehemma veljarar når dei avgjer kva lokale det skal haldast valting i. Røystinga skal leggjast til lokale som er lett tilgjengelege, og der alle veljarane kan ta seg inn utan å be om hjelp. Kravet til tilgjenge gjeld for alle vallokala i kommunen.

